

Kommunal- og regionaldepartementet  
Kommunalavdelinga  
Postboks 8112 Dep  
0032 Oslo

Deira ref: 06/1118 -1 DV

06/3859-1/-esc

Oslo, 22.08.2006

## **Høyringsnotat - lokaldemokratikommisjonen si andre utgreiing - NOU 2006:7: Det lokale folkestyret i endring. Om deltaking og engasjement i lokalpolitikken**

Vi viser til NOU 2006:7 Det lokale folkestyret i endring. Om deltaking og engasjement i lokalpolitikken, med høyringsfrist 1. oktober 2006.

UDI har lese utgreiinga med særleg auge for korleis fakta er beskrive og om problemstillingar speglar at befolkninga i Noreg har endra seg dei seinare år som følgje av nyare innvandring. Spørsmålet er korleis endringane påverkar innbyggjaranes føresetnader og deira vilje til å delta i lokaldemokratiet. Andre spørsmål som NOU'en tar opp, - som kva det tyder å desentralisere oppgåver frå stat til kommune for å stimulere til lokaldemokrati, - faller langt utanfor mandatet til UDI og vert ikkje kommentert.

Innslaget av førstegenerasjon innvandrarar og deira etterkommarar er større i nokre kommunar og landsdelar enn i andre, slik utgreiinga beskriv. I nokre kommunar, mellom anna Oslo og Drammen, utgjer personar med innvandrarbakgrunn rundt ein femtedel av befolkninga.

Utgreiinga har dette perspektivet med seg fleire stader. Utgreiinga innleiar med ein sentral problemstilling frå mangfaldspolitikken (skissert i st.meld. nr. 49 (2003 - 2004) Mangfold gjennom inkludering og deltaking): Korleis vert minoritetar og mindretalets rettar ivaretekne i det kommunale fleirtalsdemokratiet?

Samstundes meiner UDI at utvalet har "gløymt" innvandrarar og etniske minoritetar på nokre vesentlege punkt, og at ein har ei ufullstendig beskriving av kven innvandrarar i Noreg er. Vi kan til dømes ikkje sjå at EØS-borgarar er nemnd i utgreiinga. Spørsmålet er kva for ambisjonar ein har for deira deltaking i det norske lokaldemokratiet, og om deira føresetnader for å delta er dei same, eller andre, enn for andre grupper av innvandrarar. Vi veit til dømes at vestlege innvandrarar i større grad vert buande stuttare tid i Noreg enn ikkje-vestlege, så fremt dei ikkje "gifter seg norsk". Den siste tida har det vore ein sterk auke i talet på arbeidsinnvandrarar og deira familiar frå EØS-området. Denne utviklinga bør verte omtala i et lokaldemokratisk perspektiv.

Utlendingsdirektoratet  
Avdeling for faglig strategi og koordinering

Postadresse: Postboks 8108 Dep.  
0032 Oslo

Telefon: 23 35 15 00  
Telefaks: 23 35 15 13  
E-post: [udi@udi.no](mailto:udi@udi.no)  
Internett: [www.udi.no](http://www.udi.no)

Besøksadresse: Hausmannsgt 21  
0032 Oslo

- UDI etterlyser ein allmenn beskriving i innleiinga av ulike gruppers formelle og uformelle kanalar for å ta del i lokaldemokratiet (til dømes kriteria for stemmerett).
- Utgreiinga peiker på at trekk ved individet (i form av sosial bakgrunn og haldningar) har avgrensa verknad på valdeltaking. Unnataket er alder og innvandrarbakgrunn (s. 35). Dette vert følgt opp ved at alder vert drøfta opp mot deltaking i demokratiske fora fleire stader i NOU 2006:7. Utgreiinga beskriv tiltak som retter seg mot unge. UDI kan derimot ikkje sjå at innvandrarar og deira manglande deltaking/representasjon vert gjort til emne for liknande vurderingar eller tiltak.
- UDI peikar på at ulike grupper av innvandrarar, deriblant EØS-borgarar, kan treffe på ulike formar for opplevde og faktiske hindre mot deltaking. Utgreiinga slår på si side fast (s.10) at alle menneskje skal ha same rett til å utøve sine demokratiske retter, og drøftar det i høve til funksjonshemma. UDI etterspør kva tankar kommisjonen har gjort seg om hindre mot demokratisk deltaking som innvandrarar særleg kan råkast av (til dømes at nokre har avgrensa dugleik i norsk, eller at nokre har gått stutt tid i skolen og difor ikkje lesar og skriver godt). Ein del kjem og frå samfunn med svake demokratiske tradisjonar.
- Samstundes skildrar utgreiinga (s.67) korleis lokaldemokratiet har lukkast betre enn andre samfunnsinstitusjonar i å integrere etniske minoritetar, særleg i kommunar med høg lott innvandrarar. UDI gjer framlegg om at desse positive erfaringane vert analysert nærare for å kunne spreie erfaringar og gode tiltak.
- I forhold til punktet føre, saknar vi ein nærare drøfting av kva alminneleg organisasjonserfaring, mellom anna deltaking i innvandrarorganisasjonar, har å seie for innvandrarar og deira engasjement i lokaldemokratiet. På s.153 skildrar utgreiinga friviljuge organisasjonar som demokratiske lærings- og sosialiseringsarenaer. Spørsmålet er om de same mekanismene verkar likt overfor innvandrarar, eller om organisasjonsdeltaking meiner noko anna for innvandrarar.
- I vedlegget vert ulike formar for kollektiv medverknad på systemnivå skildra, så som brukarstyre, eldreråd, råd for funksjonshemma, kommunale foreldreråd. UDI kan ikkje sjå at innvandrarråd er beskrivne, eller etterlyst som eit ynskjemål, sjølv om vi er kjende med at fleire kommunar har innvandrarråd i ein eller annan form.

Med helsing  
for Utlendingsdirektoratet

  
Frode Forfang  
avdelingsdirektør

  
Hans-Henrik Hartmann  
underdirektør